

## **Leseopplæring 5 - 10**

### **Studiotype**

Vidareutdanning for lærarar

### **Studiepoeng (ETCS)**

30

### **Studielengd**

2 semester

### **Opptakskrav**

Fullført allmennlærerutdanning/fullført grunnskulelærerutdanning

### **Innleiing**

Studiet Leseopplæring 5 – 10 er tilrettelagt og reservert for lærarar i arbeid i skulen som er tekne opp gjennom Kunnskapsdepartementet si satsing "Kompetanse for kvalitet". Studiet gir moderne og oppgradert kompetanse i leseopplæring i tråd med føresetnadene i LK06. LK06 ser lesing og skriving, literacy, som grunnleggjande og tverrfagleg kompetanse. Omgrepet literacy står for ein omfattande kompetanse som kan definerast som ei evne "to identify, to understand, to interpret, to create and to communicate" (St. meld. 30, *Kultur for læring*, s 33). Utvikling av literacy handlar om å gjere elevane i stand til å lese, forstå og tolke og til sjølv å produsere eit breitt spekter av tekstar. Lesing er både ein norskfagleg og fleirfagleg kompetanse, og dette studiet tek sikte på å kvalifisere lærarar til arbeid med å utvikle elevane sin lesekompetanse i alle fag i ein fleirkulturell skule.

Leseopplæring 5 -10 kvalifiserer for å drive leseopplæring i alle fag frå 5. til 10. trinn i grunnskulen. Det er eit delmål at læraren skal kunne fungere som leserettleiar ved eigen skule. Studiet vil fokusere på både dei tekniske og dei kommunikative sidene ved lesing av skriftlege og samansette tekstar, og på kartlegging og tilpassa leseopplæring. Lesing og skriving vil bli sett i samanheng der det er naturleg.

Studiet kvalifiserer for vidare studium på fordjupingsnivå.

### **Læringsutbyte**

Ved fullført studium skal studentane:

Kunnskap:

- Ha særskilt kunnskap om leseopplæring frå 5. til 10. trinn
- Ha kunnskap om ulike sentrale teoretiske og faglege tema innan leseopplæring og leseforskning

Ferdigheiter:

- Kunne gjennomføre oppdatert og praktisk retta leseopplæring
- Kunne legge til rette for moderne og kompleks leseopplæring i alle fag
- Kunne planlegge og leie utviklingsprosjekt i leseopplæring

Generell kompetanse:

- Kunne gjere bruk av, reflektere over og vidareutvikle praktiske, metodiske og didaktiske kunnskapar og ferdigheiter i leseopplæring og lesestimulering frå 5. til 10. trinn i tråd med intensjonane i LK06.

## **Oppbygging og organisering**

Studiet er eit nett- og samlingsbasert deltidsstudium som blir drifta på læringsplattforma Fronter. Studentane må derfor disponere pc med nettilgang. Studiet blir lagt opp gjennom lesing av nettleksjonar, samlingar, lesing av pensum, sjølvstudium, utviklingsarbeid og skriftleg refleksjon. Det blir lagt vekt på at studentane skal arbeide sjølvstendig med fagstoffet.

Studiet er modulbasert i to modular på 15 studiepoeng kvar, med avsluttande eksamen etter kvar modul. Begge modulane legg vekt på å lese for å lære i alle fag, og på å lese for å oppleve. Lesing som grunnleggjande ferdigheit er eit overordna perspektiv i begge modulane.

Kvar av dei to modulane har ei obligatorisk samling i kvart semester.

Sentrale emne i *Modul 1, 15 stp*: Kva er lesing, lesestrategiar, lesing som grunnleggjande ferdigheit, samansette tekstar og digitale verkty, lesing i andrespråksopplæringa.

Sentrale emne i *Modul 2, 15 stp*: Læremiddelkunnskap, lesing av fagtekstar, lese- og skrivevanskar, førebyggjande tiltak, kartlegging, betre vurderingspraksis, tilpassa leseopplæring.

Til kvar modul vil studentane vil få høve til å planlegge, gjennomføre og evaluere eit praktisk utviklingsprosjekt i eigen klasse, knytt til leseopplæring.

## **Arbeidskrav/vurdering/eksamen**

Studentane skal arbeide med fagstoffet og levere inn arbeidskrav i ei arbeidsmappe på Fronter der dei vil få respons og rettleiing frå medstudentar og fagansvarlege. Arbeidskrava er skriftlege refleksjonsskriv og fagtekstar knytt til teoretisk fagstoff og utviklingsprosjektet. Det skal også leverast ei sjølvvalt pensumliste.

Arbeidsmappa må vere godkjent før studentane kan gå opp til eksamen.

Mappeeksamen. Det blir ein individuell avsluttande eksamen etter kvar modul, som består av ei mappe med ein fagtekst og eit refleksjonsnotat om eiga utvikling og læringsutbyttet av arbeidet i modulen. Fagteksten skal knytast til utviklingsprosjektet og ha ei fagdidaktisk problemstilling. Fagteksten ein leverer til eksamen byggjer vidare på ein fagtekst innlevert i arbeidsmappa, som ein har fått rettleiing på.

Begge målformer skal vere representerte i eksamensmappa.

Karakterskala: A-F.

## **Evaluering og kvalitetssikring**

Studieprogrammet blir evaluert i samsvar med Høgskulen i Volda sitt kvalitetssikringssystem.

## **Studieprogramansvarleg**

Marit Wadsten, HVO, tlf. 41690285/70075044, e-post: [marit.wadsten@hivolda.no](mailto:marit.wadsten@hivolda.no)